



**Referat frå Styremøte i Oppland Bygdekvinne lag Laurdag 08.02.2020  
Kl.11.00-16.30**

**Tilstades: Marit Tordhol, Helga Rørholt Moe, Mari Marthe Graff Ulsrud, Anne Grete Moen, Borgny Sletten og Kari Tromsnes.**

**Meldt fråfall : Nanna Ringen og Kari Gaarder Hubred**

**14/20    Positivprisen**

Styret kom samrøystes fram til ein vinnar. Mange gode kandidatar i år, og vi oppfordrar alle som ikkje får sin kandidat som vinnar i år til å sende inn att neste år!

**15/20    Lokallagets pris**

Etter å ha lese årsmeldingar går styret inn for at eit lokallag som har høg aktivitet for alle, i alle aldre.

**16/20    Annonser**

Vi er godt i gang med jobben, og fortsett litt til.  
Alle må sende inn til Jorunn på kontoret så fort som råd. Seinast i utgangen av februar.

**17/20    Årsmeldinga**

Vi gjekk igjennom heile årsmeldinga.  
Nokre små endringar, Jorunn noterte dette og tek redigeringa.  
Mari Marthe tek ansvaret for å forkorte den om skulemat.

**18/20    Årsmøtet**

Vi gjekk igjennom heile kjøreplanen og fordelte oppgåver.

**19/20    Innsendte saker til årsmøte**

1.Vi gjekk igjennom innspelet som var innkomne frå Østre Gran.  
Vi gjekk og igjennom powerpoint frå Ellen Krageberg.  
Regionledere samlar sin region og høyrer kva laga vil.  
Vi fekk eit refleksjonsnotat frå Mari Marthe som vi skal drodle vidare på.  
Styrets forslag til endring i nåverande struktur:  
Vi i fylkesstyret tykkjer vi kjem for seint inn i lag som slit. Kva kan vi gjera? Kva gjer laga for å rekrutere?  
Vi lagar ein idebank om kva laga kan arrangere for å rekrutere medlemmer.

2.Vi gjekk igjennom saka frå Lågen BK, og avventar svar frå Cesilie

**20/20    Eventuelt**

-Vi har søkt etter ny rekneskapsfører då Anne Irene Aaberg har sagt frå seg jobben frå og med 1.1.2020  
Ingrid Bardal har takka ja, for eit år til å begynne med.  
Vi treng da ein ny revisor, og Jorunn vaslar valkomiteen om det.

-Marit sender eit svar til Nordre Land angående kontigent.

-Vi skriv ei styreinntilling til årsmøtet med at, leder og 4 styremedlemmar reiser på Landsmøte. Dersom ikkje styremedlemmer kan reise, spørjes vara.



-Bondelagstilknytning: Vi sender forslag frå OBK til HBK om at vi ynskjer representasjonen slik : Når Oppland BK har representanten inn i Innlandet Bondelag ,har Hedmark BK vara og årsmøtere­representant.

Vi foreslår og at når det er slik, har Bondelaget representant inn i Hedmark Bygdekvinne­lag, og årsmøtere­representant til Oppland Bygdekvinne­lag.

Oppland Bondelag har kome med ynskje om at Bygdekvinne­lags­representanten ikkje byter for ofte.

- Vi såg på at det bør bli laga ein "arbeidsinnstruks" , som beskriv kva verv i styret i OBK inneber. Kva for forventningar og ynskje har ein for regionkontaktane.

- I samband med forslag til positivprisen ser vi at lokallaga har ulik form og djubde på dette. Vi ser på korleis det vil vera å ha eit skjema som lokallaga fyller ut og sendr inn,slik at det blir meire likt.

- Vi sender brev til Nordre Ål Bygdekvinne­lag,som nå har valgd å leggje ned.

Referent Borgny